

## NOTAT

<b>GÅR TIL:</b>	Styremedlemmer
<b>FØRETAK:</b>	Helse Fonna HF
<b>DATO:</b>	16.11.16
<b>FRÅ:</b>	Administrerende direktør
<b>SAKSHANDSAMAR:</b>	Laila Nemeth
<b>SAKA GJELD:</b>	<b>Status bygg Haugesund 2030</b>
<b>STYRESAK:</b>	<b>70/16</b>
<b>STYREMØTE:</b>	<b>25.11.16</b>

### Administrerende direktør si orientering notat 4

16 prosjektgrupper med nærare 200 medarbeidarar, verneombod , tillitsvalde og brukarar har no hatt sitt fjerde prosjektgruppemøte. Teikningar og program tar no form. Det er eit stort engasjement med gode innspel og diskusjonar både mellom og på sjølve møta. Dei vegval som blei fatta etter OU prosessen i vår, ligg til grunn for det ein no prosjekterer og programmerar.

Det er lagt opp til kostnadsstyrt prosjektering i forprosjektfasen. Det hadde ein god erfaring med frå konseptfasen og det inneber at ein har fleire utsjekkpunkter knytt til prosjektkostnad og økonomisk ramme. Det blir i prosjektet løypande utført vurderingar av usikkerheit og kostnad. Ein tilpass prosjektet i tråd med analysane som kjem.

Prosjektet har og lagt opp til ei tett oppfølging av dei gevinstane som vart identifisert og berekna i konseptfasen. Etter kvart prosjektgruppemøte har ein møter med alle dei kliniske prosjektleierane og gevinstrealiseringsgruppa for å detaljera, spesifisera og kvalitet sikra gevinst. Prosjektet har satt opp ein gevinst på 45 millionar kroner dei tre fyrste åra etter innflytting i nybygg.

I forprosjektfasen skal det inngå ein plan for neste fase, som er detaljprosjekterings- og byggefase. Nokre element i planen for neste fase vil være:

- Planleggingsprosess (funksjonsprogram, prosjektering, utstyrsplan)
- Byggeprosess, herunder organisering av byggearbeid og entreprisplan
- Kontraheringsplan (plan for når og hvordan entrepriser og utstyr anskaffes)
- Kostnadsramme, byggebudsjett og eventuelt entreprisbudsjett
- Hovedtidsplan
- Prosjektorganisering og organisasjonsressurser

Entreprisplanen vil ha effekt på andre element i planen for neste fase: kontraheringsplan, bygge- og entreprisbudsjetter, hovudtidsplan samt prosjekteringsprosessen og -ressursar. Det er derfor ønskeleg å avklare entreprisplanen så tidleg som mogleg, slik at andre element i arbeidet vidare kan verta utforma i

samsvar med planen. Det er hensiktsmessig å drøfte og fastlegge ein entreprisestrategi, før sjølve entrepriseplanen vert utarbeida.

For å ha ein god prosess med omsyn til val av entreprisestrategi og modell, vil ein i prosjektet gjere følgjande:

- forberedande drøfting med Helse Fonna, Sykehusbygg, Sweco, Momentum og OEC.
- Det vert utarbeida eit grovutkast for ein entreprisestrategi med ein generell del samt ein grovanalyse etter følgjande kriterier:
  - Kva karakteriserer objektet (nybygg og ombygging)
  - Kva karakteriserer marknaden (lokalt og nasjonalt)
  - Kva karakteriserer prosjekteigar
- Det vert gjennomført eit tilbydarseminar i samarbeid med Helse Fonna, Sykehusbygg, Sweco, Momentum, OEC og NHO. (07.desember 2016)
  - Markedet blir oppmerksom og nysgjerrig
  - Skape tillit og trygghet
  - Kan få tilbakemelding som gjer oss nokre moment i vurdering/analyse av markedet.
- Naudsynte ROS analyser knytt til ByggHGsd2020 ferdigstilles
- Workshop for gjennomgang og drøfting av grovutkast og tilbydarseminar
- Det vert utarbeid eit meir fullstendig avgjerdsgrunnlag/dokument med ein anbefaling på grunnlag av grovutkast, workshop og innspel frå tilbydarseminaret. Dokumentet vil innehalde både entreprisemodell og kontraktsform .
- Dokumentet forankrast i styringsgruppa og besluttast på av AD. Styret vert informert.

Prosjektet er i rute i høve til tidsskemaet og plan. Det er eit stort og positivt engasjement i organisasjonen knytt til ByggHGsd2020.

.....